

Arkivsak: 216  
Arkivnr: 2014/404-7  
Sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvam herad	39/14	01.12.2014

### Prosjektplan selskapskontroll Storeholmen VTA AS

#### Bakgrunn for saka.

Kontrollutvalet i Kvam herad gjorde slikt vedtak i kontrollutvalet sitt møte 20.10.2014 sak 33/14

1. *Kontrollutvalet ber Deloitte AS utarbeide prosjektplan for selskapskontroll i Storeholmen VTA.*

2. *Det vert teke utgangspunkt i desse momenta/problemstillingane:*

- *Kontrollutvalet ønsker å tinge prosjektplan for eigarskapskontroll og selskapskontroll med forvaltningsrevisjon.*
- *Revisor skal sjå på måloppnåing, ressursbruk og regeletterleving i selskapet.*
- *Revisor skal sjå på korleis selskapet fungerer i høve dei som har arbeidet sitt der.*
- *Selskapet er særst allsidig og har hatt stor vekst i arbeidsoppgåver, men er Storeholmen stor nok til å dekke behovet til eigarkommunane på attføringsdelen og arbeidstrening*
- *Eigarskapsstyring, kven bestemmer?*
- *Stort kontrollspenn*
- *Fylkeskommunen kjøper praksisplassar. Fungerer dette etter intensjonane?*
- *Samarbeidet mellom NAV og Storeholmen*
- *Samarbeid mellom eigarane? Hordaland fylkeskommune, Samnanger kommune, Kvam herad og Jondal og Kvam NFU (Norsk forbund for utviklingshemmede)*

3. *Kontrollutvalet ber Deloitte AS leggja fram prosjektplan innan: 17.11.2014*

4. *Prosjektplan skal handsamast i kontrollutvalet sitt møte 1. desember 2014*

5. *Prosjektplanen skal og innehalde forslag til timebruk, når rapporten kan handsamast i kontrollutvalet, og forslag til kostnadsfordeling mellom eigarane.*

6. *Prosjektplanen vert å sende som invitasjon til dei andre eigarane Storeholmen VTA, med frist for attendemelding om deltaking innan 15.01.2014*

Sekretariatet mottok prosjektplan frå Deloitte AS 18. november 2014 og så langt sekretariatet kan sjå er prosjektplanen utarbeida i samsvar med tinging frå kontrollutvalet.

## Drøfting:

Deloitte AS har laga ein sær s utfyllande og god prosjektplan for selskapskontroll av Storeholmen VTA.

Deloitte skriv slik om føremålet med revisjonen:

*«Føremålet med selskapskontrollen er å undersøke og vurdere Kvam herad si eigarstyring av Storeholmen VTA AS. Vidare vil føremålet med selskapskontrollen vere å undersøke om selskapet har etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driver i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk.»*

Og følgjande overordna problemstillingar vil bli undersøkt:

### **(A) Problemstillingar knytt til heradet si eigarskapsforvaltning:**

1. I kva grad har heradet etablert tydelege føringar for heradet si eigarskapsforvaltning av Storeholmen VTA?

a. Utøver Kvam herad eigarstyring av Storeholmen VTA i samsvar med sentrale tilrådingar frå KS?

b. Utøver Kvam herad eigarstyring av Storeholmen VTA i samsvar med kommunen sine retningslinjer for eigarstyring?

c. Har Kvam herad etablert rutinar for å sikre at heradet blir tilstrekkeleg informert om drifta og utviklinga i selskapet?

2. I kva grad er det tilstrekkeleg med samhandling mellom Kvam herad og dei andre eigarane når det gjeld eigarstyring og oppfølging av Storeholmen VTA?

a. I kva grad har eigarane tilstrekkeleg med rutinar for dialog og samhandling?

b. I kva grad er eigarane einige om eigarstyringa og måla for selskapet?

### **(B) Problemstillingar knytt til drifta i Storeholmen VTA:**

3. I kva grad blir sentrale krav og retningslinjer som eigarane stiller til selskapet etterlevd av Storeholmen VTA?

4. I kva grad driv Storeholmen VTA si verksemd i samsvar med sitt vedtektsfesta føremål og andre mål som er sett for selskapet?

5. I kva grad er drifta og tilbodet om tiltaksplassar tilpassa etterspurnaden frå kommunane?

6. I kva grad fungerer selskapet sitt tilbod om praksisplassar i samsvar med intensjonen?

7. I kva grad har selskapet tilfredsstillande samhandling med NAV?

8. Har selskapet system og rutinar som bidrar til å sikre etterleving av sentrale krav innanfor regelverket knytt til:

a. Lov om arbeidsmarkedstjenester og forskrift om arbeidsrettede tiltak

b. Internkontrollforskrifta knytt til HMT

c. Aksjelova

9. I kva grad har selskapet gjort ei vurdering av om det er underlagt offentleglova og regelverk om offentlege anskaffingar?

10. I kva grad har verksemda etablert eit tilfredsstillande kvalitetssystem?

11. I kva grad har selskapet etablert rutinar for å inkludere brukarane i prosessar knytt til utviklinga av selskapet?

a. I kva grad er det etablert brukarfora og eller ordningar med brukarrepresentasjon?

b. I kva grad opplever brukarane at tilbodet frå selskapet er tilpassa deira behov?

12. Har selskapet system og rutinar som bidrar til å sikre ein økonomisk forsvarleg drift?

a. Når selskapet dei økonomiske måla som er sett for selskapet?

b. Har selskapet ein forsvarlig eigenkapital jf. aksjelova § 3-4?

c. I kva grad har selskapet etablert rutinar for utarbeiding og oppfølging av budsjett?

Når det gjeld deltaking fra andre eigarar skriv Deloitte AS slik:

*«Dersom kontrollutvalet i andre eigarkommunar ønskjer å delta i gjennomføringa av selskapskontrollen kan problemstillingane knytt til den kommunale eigarskapsforvaltninga (A) bli undersøkt for kvar eigarkommune. Handsaminga av problemstillingane knytt til drifta i selskapet (B) vil vere den same for alle eigarkommunane.»*

I punkt 4.2 Ressursbruk, er det gjort greie for timeforbruk for prosjektet. Sekretariatet har ingen merknader til dette.

#### Konklusjon.

Sekretariatet tilrår kontrollutvalet å godkjenne prosjektplanen og invitere dei andre eigarane til å delta i prosjektet i høve vedtaket frå 20.10.2014

Endeleg rapport, inkludert uttale frå rådmann og selskapet vert sendt sekretariatet innan utgangen av mai måned 2015

#### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet godkjenner prosjektplan Selskapskontroll av Storeholmen VTA AS frå Deloitte AS, dagsett 18.11.2014, både gjeldande pkt. A om eigarskapsforvaltning og pkt. B om drift.
2. Selskapskontrollen vert gjennomført i høve prosjektplanen sitt punkt 4.2, Ressursbruk.
3. Prosjektplanen vert å sende som invitasjon til deltaking til dei andre eigarkommunane med svarfrist 28.02.2014. Kostnad for prosjektet vert utrekna i høve eigardel i selskapet.
4. Kontrollutvalet i Kvam herad vil gjennomføre selskapskontroll av Storeholmen VTA AS uavhengig av om dei andre eigarkommunane deltek eller ikkje.
5. Endeleg rapport, inkludert uttale frå rådmann og selskapet vert sendt sekretariatet innan utgangen av mai måned 2015.

## Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Kvam herad - 01.12.2014

### Handsaming i møtet:

Gunnar Husabø frå Deloitte la fram prosjektplanen og orienterte utvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### Vedtak:

1. Kontrollutvalet godkjenner prosjektplan Selskapskontroll av Storeholmen VTA AS frå Deloitte AS, dagsett 18.11.2014, både gjeldande pkt. A om eigarskapsforvaltning og pkt. B om drift.
2. Selskapskontrollen vert gjennomført i høve prosjektplanen sitt punkt 4.2, Ressursbruk.
3. Prosjektplanen vert å sende som invitasjon til deltaking til dei andre eigarkommunane med svarfrist 28.02.2015. Kostnad for prosjektet vert utrekna i høve eigardel i selskapet.
6. Kontrollutvalet i Kvam herad vil gjennomføre selskapskontroll av Storeholmen VTA AS uavhengig av om dei andre eigarkommunane deltek eller ikkje.
7. Endeleg rapport, inkludert uttale frå rådmann og selskapet vert sendt sekretariatet innen utgangen av mai månad 2015.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Kjartan Haugsnes  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*